



Norges Vassdrags og energidirektorat
Postboks 5091 Maj.

0301 OSLO

Vår ref.
14/488-3/N-630//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
30.06.2014

Høyringsuttale frå Kvam herad vedr. Øvre Frydlielva kraftverk

Kvam heradsstyre har i sitt møte 17.06.2014 vedteke følgjande høyringsuttale i HST- sak 065/14:

Høyringsuttale frå Kvam herad:

Ein konsesjon vil bli gitt på uavgrensa tid, og dei naturinngrep som vil følgja med ei utbygging vil vera av varig karakter. Det er difor heradsstyret si plikt å gjera ei avveging i eit langsiktig perspektiv av dei samla fordelar og ulemper av utbygginga som det er søkt om.

Heradsstyret har gjort ei vurdering av søknaden frå Øvre Frydlielva Kraftverk om konsesjon for utbygging av Frytlielvi. Vurderinga er gjort både ut frå den aktuelle søknaden og på grunnlag av samla utbyggingsbelastning i området og i Kvam.

Kvam heradsstyre har vurdert fordelar og ulemper ved å byggja ut øvre Frytlielvi. Kvam heradsstyre støttar synet om at ei utbygging vil skapa verdier både nasjonalt og lokalt. Kvam herad finn likevel at desse verdiane ikkje veg opp for den verdien det vil ha for komande slekter at bekker og elvar får renna fritt i Botnen/Fykkesund. Kvam heradsstyre gå difor **imot** at det vert gjeve løyve til å byggja ut øvre Frytlielvi.

Helsing

Kari Weltzien Vik
Leiar politisk sekretariat
Telefon: 56553022
Epost: kwvi@kvam.kommune.no